

Bernt svarer: – Enten er du ordfører eller så er du det ikke

Kan en delvis sykmeldt ordfører delta i kommunestyremøte som vanlig folkevalgt?



Professor emeritus Jan Fridthjof Bernt svarer på juridiske spørsmål fra Kommune-Norge. Foto: Magnus Knutsen Bjørke

[Bernt svarer](#)

Publisert 01.07.2026 - 13:30 Sist oppdatert 01.07.2026 - 13:30

SPØRSMÅL: Eg er ordførar og har i nokre månader vore delvis sjukemeld. I denne perioden har eg ikkje vore i stand til å leie dei politiske møta, men eg har vore i stand til å møte og gjere mi plikt som folkevald i formannskapet og kommunestyret. Eg har difor overlate møteleiinga til varaordførar i periodar.

Fakta

Bernt svarer

- Jan Fridthjof Bernt er professor emeritus ved Universitetet i Bergen.
- Han har utgitt en rekke bøker innen blant annet forvaltningsrett og kommunalrett.
- Han ledet det offentlige utvalget som ledet fram til en kraftig fornying av kommuneloven i 1992.
- Bernt har også stor kunnskap om blant annet offentlighetsloven og forvaltningsloven.
- Spalten publiseres ukentlig på Kommunal-Rapport.no. Spørsmål kan sendes til redaksjon@kommunal-rapport.no.

No har det kome spørsmål om dette er mogleg etter kommunelova. Kommunedirektøren vår finn ikkje at kommunelova opnar for at eg kan vere til stades i eit politisk møte dersom eg ikkje samstundes leier møtet. Eg ønskjer difor å høyre om du har høve til å gje ei vurdering av dette.

Slik eg forstår kommunelova, seier [§ 6-1](#) at ordføraren er møteleiar i kommunestyret og formannskapet. Samstundes har medlemmer av folkevalde organ møteplikt etter [§ 8-1](#), med mindre dei har gyldig forfall. Spørsmålet mitt er om lova er til hinder for at varaordførar fungerer som møteleiar i ein periode der ordførar av helsemessige grunnar ikkje kan leie møta, men likevel kan delta i behandlinga av sakene som folkevald medlem.

Bakgrunnen for spørsmålet er at eg ønskjer å utføre den delen av vervet eg faktisk er i stand til, utan å gå ut over dei helsemessige avgrensingane eg har. For meg verkar det krevjande dersom ei delvis sjukemelding anten må føre til at eg fullt ut leier møta, eller at eg ikkje kan delta i det heile, når eg faktisk er i stand til å delta i sakshandsaminga.

Meir konkret lurar eg på dette:

Kan varaordførar leie møte i kommunestyre og formannskap når ordførar er til stades, dersom ordførar av helsemessige grunnar ikkje er i stand til å ivareta møteleiinga?

SVAR: Ja, jeg tror det skulle kunne gjøres, men det må skje på en ryddig måte. Det må markeres ved at du forlater ordførerplassen og tar plass mellom de andre medlemmene.

(ii) Kan ordfører i ein slik situasjon delta som folkevald medlem, med tale-, forslags- og stemmerett, utan sjølv å leie møtet?

SVAR: Jeg mener du må kunne melde forfall som ordfører pga. helseproblemer, men delta som ordinært medlem. Men da må være tydelig at i dette møtet er det varaordfører som er ordfører, og at du møter som menig medlem.

(iii) Må dette eventuelt forståast som at ordfører mellombels trer ut av ordførarvervet etter [kommunelova § 6-2](#), eller kan det reknast som ei avgrensa og praktisk tilrettelegging av møteleiinga?

SVAR: Nei, det er ikke uttreden av vervet, men forfall fra funksjonen som ordfører, pga. sykdom. Varaordfører overtar da automatisk dine funksjoner som møteleder så lenge og så langt du ikke makter det selv. Men det må være klare skillelinjer som markerer når du er i funksjon, og når varaordfører har ansvaret. Dette gjelder også for ordførerfunksjonene utenfor møter, som innkalling til og oppsett av sakliste til møtene. Du er enten inne eller ute. Varaordfører kan bare tre inn når og så lenge du har trådt fullstendig til side.